

DEN NORSKE KYRKJA  
Vestnes kyrkjelege fellesråd

deck 10

Kultur- og kirkelep. KI	
Saksnr. 200605811	Dato 04/10/06
Kode Ki-501	Beh.....


Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep.  
0030 Oslo

### HØYRINGSUTTALE STAT - KYRKJE.

Vedlagt fylgjer høyringsuttale frå Vestnes kyrkjelege fellesråd.  
Vedtaket vart gjort på møte 27.09.2006, og var samrøystes.

Vestnes 02.10.2006

Med helsing



John Erik Brakstad  
Kyrkjeverje

Kop til:  
Kyrkjerådet

Fellesrådsvedtak:

1. Staten bør føre ein aktivt støttande religionspolitikk. Staten skal leggje tilrette for utøving av religiøs verksemd gjennom å sikre ei tilstrekkeleg finansiering av dei ulike trus- og livssynssamfunn. Det skal vere full religionsfridom i Noreg.
2. Vestnes kyrkjelege fellesråd går samrøystes inn for å vidareføre ordninga med ei grunnlovsforankra statskyrkje. Rådet ser behov for endringar og reformer innanfor Den norske kyrkja, men meiner dette kan gjennomførast med dagens ordning. Rådet legg vekt på at erfaringane viser at noverande kyrkjeordning gjev rom for ei levande og inkluderande folkekyrkje og er ein garanti for å sikre lik finansiering til ulike trus- og livssynssamfunn over heile landet.
3. Den norske kyrkja bør vere lovforankra i Grunnlova.
4. Den norske kyrkja bør vere offentleg finansiert. Dåpen må vere den einaste kvalifikasjonskrav til medlemskap i Den norske kyrkja. Heil eller delvis finansiering gjennom medlemsavgift bryt med dette prinsippet.
5. Vestnes kyrkjelege fellesråd meiner at valordninga bør vere som i dag. Men det må arbeidast for å vitalisere soknerådsvala med tanke på å auke valdeltakinga. Ved direkte val til råda er det stor fare for at avstanden mellom dei som vel og dei som blir vald blir for stor.
6. Ein eventuell verdiparagraf i Grunnlova bør slå fast at det norske samfunn skal bygge på kristne og humanistiske verdiar.
7. Den lokale kyrkja (sokneråd/fellesråd) bør framleis stå for gravferdsforvaltinga. Kyrkja har verdifull kompetanse på dette området, og undersøkingar syner at folk er godt nøgd med måten kyrkja forvaltar gravferdsordninga på.
8. Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret. For freda og verna kyrkjer bør det opprettast statlege finansieringsordningar. Opplysningsvesenets fond bør forvaltast som i dag, og ikkje bli brukt til vedlikehald av kyrkjebygg.

## Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Vestnes kyrkjelege fellesråd

### Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

- Staten bør føre ein aktivt støttande religionspolitikk.
- Staten skal leggje tilrette for utøving av religiøs verksemd gjennom å sikre ei tilstrekkeleg finansiering av dei ulike trus- og livssynssamfunn.
- Det skal vere full religionsfridom i Noreg.

### 2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare